

## PROGRAM FOR 17.MAI 2020, VALLE KOMMUNE



**Kl. 1030: Videogudsteneste frå Valle kyrkje**  
på <https://valleradio.com/> og FM-radio

**Kl. 1130: Biltog med veterankøyretøy og bilar**

Veteranbilklubben leiar biltoget. Rute:

Rysstadmo industriområde - Hylestad kyrkje, stopp for kransenedlegging ved bauten - avkøyring frå Rv9 ved skulen - Valle kyrkje, stopp for kransenedlegging - gjennom sentrum og ut på Rv9 - avkøyring frå Rv 9 ved vegstasjonen - sørover gjennom Homme og Tveitebø - leiarbilen stoppar i Nordibøkrysset, bilkortesjen stoppar og alle slår av motorane. Kortesjen står då stilt opp frå Valle sentrum og nordover mot Tveitebø, på den gamle riksvegen. Felles synging av nasjonalsongen. Biltoget løyser seg så opp.

Vi oppmodar alle som skal vere med i biltoget om å møte opp på Rysstadmo, men dei som ønskjer å slutte seg til kortesjen når den kjem til Valle, stiller seg opp i skuleområdet og langs vegen fram til skulekrysset. Der hektar dei seg på kortesjen når den kjem køyrande forbi. Vi oppmodar til glidelåskøyring.

Under kransenedleggingane bed vi om at folk held seg i eller ved bilane.

Når biltoget stoppar for felles allsong nordover langs Nordibøvegen, stiller vi oss opp ved sida av bilen vi følgjer og syng - gjerne med bilradioen på. Følg med på Valle radio på FM, der vil det bli annonsert når allsongen skal starte, og det vil også vere høgtalarar plassert ved Leitekrysset. Etterpå blir det utdeling av gratis is til folk i bilane i Valle sentrum.

**Kl. 1430: Sending av festprogram - filmopptak frå studio i Sæbyggjen**

- ◇ Tale for dagen ved Ordførar
- ◇ Utdeling av utviklingsstipend for ungdom
- ◇ Musikalske innslag ved kulturskuleelevar og Kirsten Bråten Berg med fleire, og kåseri ved Leonhard Jansen
- ◇ Film frå 17.maifeiringa i Valle i jubileumsåret 2014
- ◇ Glimt frå dagens biltog og kransenedlegging

**KL. 14-21: Bilrebusløp arrangert av FAU**



Foto: Ingebjørg Vegestog Homme, 17.mai 1955

Du kan sjå sendingane på nettsida

<https://valleradio.com/>, via Facebooksidene Valle Radio og Kultur i Valle, eller lytte til dei på FM-radio.

Vi oppmodar alle som kan om å ta på seg finstasen, pynte bilen, verandaen, trappa, vinke til biltoget dersom du er heime, og vere med på allsong kl. 13, same kor du er. Ver med på å gjere nokre ekstra ut av denne dagen!

På Valle bygdeheim vil det vere utstilling av teikningar med 17.mai som tema, laga av ungar frå barnehage og småskuletrinn. Utstillinga vil seinare bli vist i Sæbyggjen, slik at også alle andre skal kunne glede seg over den.

**Dei beste ønskje om ei god og minnerik feiring,  
17.mainemnda i Valle kommune**